



Ein av to aktørar som driv leppefiske i Uskedalen.

Frå 17. juli er det opna opp for leppefiske langs kysten. To lag driv leppefiske i Uskedalen. Jostein Legland er ein av dei. Bergnebb, grønegylt og berggylte er tre av seks artar som går under samleomgrepet leppefisk. Det vert også kalla reinsefiske mot lus i oppdretsanlegga. Dei to, som driv leppefiske i Uskedalen, leverer til Eide Fjordbruk.

Leppefiske går faktisk tilbake til 1970 talet. Seinare etter år 2000 då kjemiske lusegifter hadde dårlegare verknad på lus, auka det på med leppefiske. Leppefisken blandar seg med laksen i merdane der dei skaffar seg mat ved å plukka lus av huda til laksen.

Fiskedirektoratet har laga reglar for fiske av leppefisk som går på mengde, minstemål og fredningstider. Fangsten føregår med teiner. Teina vert tømd på eit arbeidsbord med eit lite hol i enden. Her vert fisken målt før den går ned i ein vasstank. I snitt får ein tre fiskar i kvar teine.



Jostein Legland har drive leppefiske i mange år (Arkivfoto).

Leppefiske er omstridd. Bakgrunnen er at leppefiskbestanden, som er næring for anna fiske, er truga og at det er ei tolegrense for kor mykje ein kan fiska. Totalt vart det fiska 19 millionar leppefisk i 2019. Prisen er som i 2019, alt frå kr. 14,- til kr. 33,- pr fisk. Storleiken avgjer prisen. Alt til neste år har Fiskedirektoratet lagt inn meir omfattande restriksjonar på denne form for fiske.

Leppefiske har for mange ungdomar vore ein fast sommarjobb. Det å hala og dra teiner og manøvrera båten tett oppunder land, kan vera krevjande. Det er best om ein er fleire i sjarken.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal